



Atle Børsheim  
Austrheimsvegen 1418  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/267 - 23/1979

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
28.02.2023

## Løyve til arealoverføring frå og til gbnr. 151/1 og gbnr. 151/4 - Førland

### Administrativt vedtak. Saknr: 023/23

Vi syner til søknad motteke den 20.02.2023.

### Vedtak

Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt arealoverføring til og frå gbnr. 151/1 og gbnr. 151/4 og til bnr. 3 og bnr. 21 og bnr. 24 på Førland. Grunngevinga for vedtaket er at søknad er i tråd med kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent den 11.04.2019 og er fornuftig arealbruksmessig. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

### Saksutgreiing:

Det er søkt om arealoverføring til og frå gbnr. 151/1 og gbnr. 151/4 og til bnr. 21 og bnr. 24 og 3 på Førland. Søkjar har nabovarsla på vanleg måte, i nabovarslet står det følgjande:

#### Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld

Det søkas om å arealoverføra areal frå 151/4 til 151/1 merka A i vedlagt kart.  
Det søkas om å arealoverføra areal frå 151/1 til 151/21 merka B i vedlagt kart.  
Det søkas om å arealoverføra areal frå 151/4 til 151/3 merka C i vedlagt kart.  
Det søkas om å arealoverføra areal frå 151/4 til 151/24 merka D i vedlagt kart.  
Det søkas om å endra på nausttomt til 151/4 merka E i kart. Denne eigedomen er i dag 40 kvm, men naust yttervegg er 46 kvm og plassering på naust er no målt inn, og me ynskjer at eigedomen vert forma etter naust.  
Atle Børsheim har fullmakt frå eigare av 151/1 til å stå som søkjar i denne saka.

Det er ikkje kome inn merknad frå naboar. Signert fullmakt med kart som viser arealoverføringa er gjeve til søkjar av grunneigarane på gbnr. 151/1 slik:

Austrheim 13.02.2023

## Fullmakt

Som eigare av 151/1 gir me Atle Børshei, eigar av 151/4 fullmakt til å stå for heile søknadsprosessen med arealoverføring av areal/makebytte mellom 151/1 og 151/4 der arealet som ligg på sørsida av hovedvegen skal arealoverførast frå 151/4 til 151/1 (A), samt at arealet som ligg på nordsida av hovedvegen skal arealoverførast frå 151/1 til 151/4 (B).

I søknad er det vedlagt to kart datert den 13.02.2023 som viser den omsøkte arealoverføringa i området, dette vert lagt til grunn i sakshandsaminga og i oppmålingsforretninga vidare. Det er forklart i følgjande tabell i søknad slik:

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m <sup>2</sup>	Arealtype for deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
A	250-280	Spredt boligbebyggelse		Asbjørn og Ellinor Brandtun
B	450-480	Spredt boligbebyggelse		Atle Børsheim
C	480-520	Spredt boligbebyggelse		Jarle Førland
D	200	LNF		Jannecke Nielsen
E	46	Andre type bebyggelse og anlegg		Atle Børsheim

Austrheim kommune ser at søknaden er i tråd med godkjent kommuneplan for området, og kan godkjenne denne arealoverføringa som omsøkt. Austrheim kommune synes arealoverføringa er fornuftig arealbruksmessig på alle måtar. Detaljar omkring frådelinga vert teke i kartforretninga.

Saka vert hermed oversendt til Austrheim kommune sin oppmålingsingeniør Alf Kvant.

Lykke til med vidare prosess i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

Atle Børshheim

Austrheimsvegen 5943  
1418

AUSTRHEIM